



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda (epost)

Dykkar ref:

Vår ref.:
2011/367

Arkivnr.:
433.52

Dato:
19.10.2011

Protokoll frå møte i rovviltnemnda 01.09.2011

Rovviltnemnda Region 1 hadde møte på Quality hotell Sogndal 1. september i 2011. Frå nemnda møtte Norvall Nørtingset, Oddny Omdal og Marit Barsnes Krogsæter. Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa. Før ordinært møte blei det sett av tid til innspel frå næringsorganisasjonane i Sogn og Fjordane og frå Mattilsynet, distriktkontoret for Indre Sogn.

16/11 Status for tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt i regionen mot slutten av beitesesongen. Orientering frå SNO

Rein Arne Golf, rovviltsvarleg i SNO for Hordaland og Sogn og Fjordane orienterte. Generelt er inntrykket at skadeomfang og førekomst av dei store rovviltartane er mindre enn vanleg.

17/11 Jakt på gaupe i regionen i 2012. vedtak om eventuell kvotefri jakt

Nemnda sitt vedtak er sendt ut som eigen sak.

18/11 Lisensfelling av jerv i regionen. Vedtak om kvotestorleik, fellingsområde og andre vilkår

Nemnda sitt vedtak er sendt ut som eigen sak.

19/11 Lisensfelling av bjørn i regionen. Vedtak om kvotestorleik, fellingsområde og andre vilkår

Nemnda sitt vedtak er sendt ut som eigen sak.

20/11 Statusoppdatering for kongeørnprosjektet. Kva er gjort, og kva veit ein så langt ? Status for budsjettet. Ved Toralf Tysse, Ambio as.

Etter semje med sekretariatet møtte ikkje Tysse på møtet. Møtet gjekk i staden igjennom ein statusrapport som Tysse hadde sendt til sekretariatet. Etter årets feltarbeid er det avdekkta ny kunnskap om territoriar i alle fylka. Ein del feltarbeid er ikkje ferdig analysert, og ein del

Postadresse:

Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernnavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:

Norvall Nørtingset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:

Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

feltarbeid gjenstår før ein har god nok oversikt over alle territoriar i regionen. Budsjettbehovet er uendra.

21/11 Førespurnad om auka kvote for betinga skadefelling av bjørn

Nemnda sitt vedtak er sendt ut som eigen sak.

22/11 Orienteringssaker og ymse

Syner til saksframlegg frå sekretariatet.

I tillegg blei det orientert om hovudpunkt frå det nye stortingsforliket.

Region 3 har invitert mellom anna rovviltnemnda i Region 1 til møte om jervforvalting i Lom 13. oktober. Nemnda blei oppfordra til å bli med. Norvall Nørtingset og vararepresentant frå Sogn og Fjordane, Jenny Følling, er påmeldt til møtet.

Dette møtet var truleg det siste for inneverande medlemmar i rovviltnemnda. Ny nemnd blir sett saman av MD etter forslag frå fylkestinga ein gong før jul.

Med helsing

Norvall Nørtingset
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost:

Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Vest-Agder